



Årsmelding 2012

Hardangerbrua As vart stifta 8.januar 1987 av kommunane: Bergen, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik, Voss.

Selskapet sin føremålsparagraf vart på sist årsmøte endra til:

"Selskapet sitt føremål er bygging av bru over Hardangerfjorden med tilførselsveggar på begge fjordsider. Selskapet skal også stå for finansiering av den delen staten ikkje tek."

Hardangerbrua As vil bidra til:

- levande bygder i Indre Hardanger
- binde Hardanger saman
- betre tilhøva for trafikken aust-vest og nord-sør
- styrke banda mellom Bergen og Hardanger

Årsmøte

Ordinær generalforsamling vart halde på prosjektkontoret i Vallavik, 30.mai 2012. Handsama vanlege årsmøtesaker som godkjenning av årsmelding og rekneskap. Det vart også vedteke vedteksendring av føremålsparagrafen som vist overfor, samt at vedtektene vart omskrivne til nynorsk. Elles vart det valgt nytt styre som vist nedanfor.

Styreleiing

Einar Lutro tok over som styreleiar etter omframt årsmøte 10.februar 2004. Og har med nemninga arbeidande styreleiar overtatte funksjonen både til styreleiar og dageleg leiar. Det er inngatt avtale om økonomisk kompensasjon mellom styret og Einar Lutro. Kontor- og forretningsadresse er 5781 Lofthus i Ullensvang Herad.

Styresamansetjing:



Einar Lutro, styreleiar
Hordaland Fylkeskommune



Magnar Lussand, nestleiar
Hordaland Fylkeskommune



Hans Edvard Seim, styremedlem
Bergen Kommune



**Astrid Farestveit Selsvold,
styremedlem**
Hordaland Fylkeskommune



**Gunn Berit Lunde Aarvik,
styremedlem**
Voss Kommune



**Elisabeth E. Tharaldsen,
styremedlem**
Hordaland Fylkeskommune



Solfrid Borge, styremedlem
Ullensvang Herad

Personlege varamedlemmer:

Frå fylkeskommune:

Sverre Kleivkås som personleg vara for Einar Lutfrø
Tørrill S. Nyborg som personleg vara for Magnar L.ussand
Atle Kvåle som personleg vara for Astrid F. Selsvold
Dagfinn Vik som personleg vara for Elisabeth E. Tharaldsen

Frå Bergen Kommune:

Anne Gine Hestetun som personleg vara for Hans Eddy Seim

Frå Voss og Hardanger:

Anved Johan Tveit som personleg vara for Gunn Berit Lunde Aarvik
Hans Petter Thorbjørnsen som personleg vara for Solfrid Borge

Krav om likestilling mellom kjønna er dermed ivareteke i styret.

Styremøter

Styret har hatt 5 ordinære møte, og handsama 42 saker i løpet av året.

Kontaktutvalgsmøter

Iflg. bompengeaftalen skal det opprettast ei kontaktgruppe (kontaktutvalg) med representantar frå regionvegkontoret og selskapet. Foremålet med denne gruppa er gjensidig informasjon. I byggeperioden skal regionvegkontoret senda månadlege rapportar om framdrifta i utbygginga. Det er i året avhelde 2 kontaktutvalgsmøte.

Aktiviteten i selskapet

Aktivitet for meldingsåret, div. milepelar:

Den 7.oktober 2005 vart proposisjon om bygging av Hardangerbrua lagt fram av Bondevik II regjeringa og vedteken i statsråd same dagen. Den nye regjeringa Stoltenberg II, slutta seg til proposisjonen som dermed vart vedteken i Stortinget **28.februar 2006** med stort fleirtal.

Vedtaket betyr at frå å vera eit pådrivingselskap, går Hardangerbrua AS over til å verta eit bompengeselskap. Vedtaket lyder:

I

"Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet Hardangerbrua AS får løyve til å ta opp lån til å forsøker bygginga av rv 7/13 Hardangerbrua og til å krevje inn bompengar til delvis bompengefinansiering av utbygginga etter vilkåra i denne proposisjonen.

II

Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga. Avtalen må vere underskriven før innkrevjinga startar.

Den 4.april 2006 vart "Avtale mellom Statens vegvesen og Hardangerbrua AS" (bompengeaftalen) underteikna av styreleiar og veggdirektør.

Iflg. denne avtalen får vi ansvaret for å finansiere brua slik det går fram av stortingsproposisjonen. Vidare får vi løyve å ta opp lån og krevja inn bompengar. Innkrevjing av forehandsbompengar på ferja Brimnes-Bruravik vart starta opp **1.juni 2006**, og vil føregå fram til opning av brua.

Den 28.februar 2007 var det anleggstart i Vallavik av firmaet E.Opedal & sonner. Dei hadde fått anbodet med opparbeiding av køyring riggplass i Snøedavika, tilkomst til tilførselstunnelane og kabelfeste og brakkerigg for anleggskontor.

I mai vart tilførselstunnelane lyst ut på anbod med frist til **6.juli 2007**. Sidan anboda låg vesentleg over det ein hadde forventa, vart saka sendt over til departementet for avgjerd. Samferdsleministeren valgte å avbryta konkurransen for ein ny gjennomgang av prosjektet. Noko Stortinget slutta seg til og ba om ein avgrensa kvalitetsikring. Stortinget gjorde det heilt klart at vedtaket om bygging av brua ligg fast. På årskiftet ligg prosjektet i departementet for kvalitetsikring.

Den 5.november 2008 var det opning av anbod for bygging av bru og tilførselstunnelar på regionvegkontoret i Leikanger. Konklusjonen etter at alle 27 anboda var opna, var at summen av dei lågaste anboda på dei forskjellige arbeida som var utlyst var ca. 1.4 mrd. Saman med andre kostnader som byggherrekostnader, innkrevingsutstyr, mva, etc. ser det ut til at totalprisen vert ca. 2,0 mrd. (2007 kr.) Dette ligg godt innafor dei rāmene som ligg til grunn og at vi dermed ikkje treng ein ekstrarunde i Stortinget.

Den 27.januar 2009 vart kontraktene mellom hovudentreprenørane AF-Gruppen, Veidekke og MT Højgaard underskrivne ved ei markering på prosjektkontoret i Vallavik. **Den 26.februar 2009** var det ei ny markering av at anleggsarbeidet starta opp ved at ein fyrte av ein selve i tunnelopninga i Vallavik. Målsetjinga var å ferdigsprengja tunnelane til årskifte, men på grunn av problem med lekkasjar i Vallaviktunnelen vart det ei forseinking på eit par veker. Tårnfundamenta er ferdigsprengt og Veidekke er i gang med støypearbeidet. Spreiekammer for kabelfeste på begge fjordsidene er ferdigsprengt. Det er også signert ein del kontrakter for div. stålarbeid med forskjellige levrandørar rundt om i verda. Iflg. prosjektleinga er framdrifta stort sett i rute.

Året 2010. Anleggsarbeidet på bru prosjektet er i følge prosjektleinga i godt gjenge. Og det er ikkje registrert alvorlege personskader. Mesteparten av AF sitt arbeid med tilførselstunnelane er for det meste ferdig. Det står igjen el. installasjonar. Tårna på begge sider av fjorden er ferdig støypte til topps. Arbeidet har gått svært bra og heilt etter planen. Det same kan me sei om arbeidet med forankring- og spreie-kammer. I Kina er arbeidet med stål kassane på 21 seksjonar kvar på på 60 m under arbeid.

Den 1.mai 2011 overtok MT Højgaard anlegget. Dette firmaet skal stå for kabelspinning over fjorden og montering av sjølve brua. Første arbeid var å montera spreiesadlane på toppen av begge tårna. Eit arbeid som trass eit tungt løft gjekk heilt greit. Etter å ha strekt diverse hjelpekablar vart den såkalte catwalken ferdig **25.august**. Dette vart markert med at ein delegasjon av "brufolk" gjekk frå kvar bruside med dei respektive ordførarane i spissen, og møttes midt på fjorden. Med catwalken på plass kunne kabelspinninga ta til. Eit arbeid som etter kvart synt seg å verta meir utfordrande enn forventa. Av ymse årsaker kom entreprenøren seint i gang, og når dei i tillegg vart seinke av mykje dårleg vær(ekstremvær) i vinter, ligg vi no etter planen. Når det gjeld siste parsell av vegen frå Brimnes ferjekai og fram til Bu, har samferdsleministeren godkjent at bruselskapet kan forskottera den. Kostnad anslått til 70 mill.

Aktivitet i meldingsåret:

Ekstremværet (Dagmar) i romjola i fjor gjorde så mykje skade at kabelspinninga måtte stansast og kom ikkje i gang att før den **6.februar**. Men etter den tid gjekk arbeidet med spinninga greitt. I slutten av juli var alle trådane trekt over fjorden. Ein kunne då ta til med å kompaktera (forma) kablane runde. Eit arbeid som vart utført med spesiallaga utstyr. Neste oppgåva var å skru på klammer for å hengja hengestaga til. Sjølv om koponentane til brua kjem frå ulike fabrikkar rundt om i verda har det ikkje vore store vanskar med å få montert saman dei forskjellige delane. Slik at i løpet av september var alle hengestag på plass, og ein var klar på å ta mot bruseksjonane. Stålkassane som utgjer køyrebanen over brua hadde då vore under produksjon i Shanghai i lengre tid, og den **1.august** var dei til saman 23 seksjonane klar for transport til Norge. Ein utfordrande transport der alle seksjonane vart frakte på eit skip som dekkslast. Etter vel ein og ein halv månad kom skipet til Hardanger den **20. september**. Eit svært krevjande arbeid med å heisa seksjonane på plass gjekk etter måten greitt, og den **7. november** kunne inviterte lokalpolitikarar og pressefolk saman med Statens vegvesen gå over brua. Det arbeidet som då kunne ta til var samansveising av seksjonane og mantling av bærekablane. Eit arbeid som heldt på ut året og vidare ut i neste år.



Første tur på Hardangerbrua for (f.v.) fylkesvaraordfører Mona Haugland Hellesnes, varaordfører Stig Yngve Røkenes, Ulvik, ordfører Anved Johan Tveit, Eidfjord, ordfører Solfrid Borge, Ullensvang og nestleiar i brustyret, Magnar Lussand frå Granvin. (Foto: Geir Brekke)

Økonomi

Rekneskapen for 2012 er ført av Hardanger Økonomiservice AS, Eidfjord som også har sett opp årsrekneskapen. Den viser eit negativt årsresultat for Hardangerbrua A/S kr. 655.680,81. Av dette utgjer styrehonorar og møtegodtgjersla kr. 96.499,92.

Frå juni 2006 vart det sett i gang innkreving av førehandsbompengar på ferja Brimnes - Bruravik i tråd med finansieringsplan i stortings-proposisjonen. Summen av innkrevd beløp pr. 31.12.12 var kr.61.579.620,93. Frå fylkeskommunen har vi fått utbetalt frå konsesjons-kraftmidlane kr. 329.396.320,- Frå eigarkommunane er alle tilskot på til saman kr. 150 mill. innbetalt. Selskapet har oppretta driftskonti i DnB NOR som til saman viser saldo pr. 31.12.12, kr. 139.805.664,14. Frå tidlegare har selskapet også konto i SparebankenVest der det ved årskifte står kr. 769.476,70. All kapital er tråd med bompengavtalen plassert i ordinære bankkonti.

Prosjektleiinga rekvirerte i året ut til saman kr. 350 mill. Saldo av rekvisisjonar utgjer såleis pr. 31.12.2012 kr. 1.848.200.000,- mill. I tillegg kr. 15.000.000,- til tilførselsvegen over Bu-plataet. Det har vi i tillegg til tilskot og bompengar dekkja inn med låneopptak i DNB og Kommunalbanken på til saman kr. 1,5 mrd.

Selskapet har inngått ein lånevtales(revolverande trekkfasilitet) som vert brukt i samband med rekvisisjonane frå prosjektleiinga. Etter kvart som vi når opp i høvelege summer, vert trekka gjort om til andre lån etter konkurranseutsetjing. Skal tilbakebetalast med framtidige bompengar (etterkotsinnkrevinga). Selskapet har også inngått ein rentesikring(swapavtale) på fastrente til 4,31 % i DnB NOR som iflg. stortingsproposisjonen.

Selskapet sin driftsøkonomi og klare mandat i frå fylkestinget i Hordaland og frå dei andre eigarane, gjer at selskapet har alle føresetnader for framhald av drifta.

Revisjon

Rekneskapen er revidert av revisor Frank Ottar Olsen.

Miljøverknad

I høve selskapet sin formålsparagraf er oppgåva å syte for at Hardangerbrua blir bygd. Selskapet har inga produksjon med utslepp til det ytre miljø.

Ymse

Med omsyn til andre økonomiske tilhøve, syner vi til årsoppgjeret som etter styret si oppfatning gjev fullnøyande informasjon om drifta i selskapet og om stoda ved årsskiftet.

Vallavik, 16. mai 2013


Einar Lutro
styreleiar


Magnar Lussand
nestleiar


Astrid Farestveit Selsvold
styremedlem


Solfrid Borge
styremedlem


Elisabeth Eide Tharaldsen
styremedlem


Gunn Berit Lunde Aarvik
styremedlem


Hans Edvard Seim
styremedlem

Årsrekneskap 2012 for Hardangerbrua AS

Foretaksnr. 942032757

Utarbeid av:

Hardanger Økonomiservice AS
Autorisert rekneskapsførarselskap
Postboks 40
5786 EIDFJORD
Rekneskapsførarnummer 986173943

Resultatregnskap

	Note	2012	2011
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter		0	0
Sum driftsinntekter		0	0
Driftskostnader			
Lønnskostnad	1	396 929	410 102
Annen driftskostnad		280 322	320 210
Sum driftskostnader		677 252	730 312
DRIFTSRESULTAT		(677 252)	(730 312)
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt	2	21 571	49 908
Sum finansinntekter		21 571	49 908
NETTO FINANSPOSTER		21 571	49 908
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		(655 681)	(680 404)
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
ORDINÆRT RESULTAT		(655 681)	(680 404)
ARSRESULTAT		(655 681)	(680 404)
OVERFØRINGER OG DISPONERINGER			
Overføringer annen egenkapital		(655 681)	(680 404)
SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER		(655 681)	(680 404)



Balanse pr. 31.12.2012

	Note	31.12.2012	31.12.2011
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Immaterielle eiendeler			
Innkrevingsrett bompenger	2	1 427 552 830	1 024 365 462
Sum immaterielle eiendeler		1 427 552 830	1 024 365 462
Finansielle anleggsmidler			
Andre fordringer	3	15 000 000	35 603 380
Sum finansielle anleggsmidler		15 000 000	35 603 380
SUM ANLEGGSMIDLER		1 442 552 830	1 059 968 842
OMLØPSMIDLER			
Fordringer			
Andre fordringer		373 198	310 145
Sum fordringer		373 198	310 145
Bankinnskudd, kontanter o.l.	4	140 575 141	13 648 934
SUM OMLØPSMIDLER		140 948 338	13 959 079
SUM EIENDELER		1 583 501 168	1 073 927 921

Balanse pr. 31.12.2012

	Note	31.12.2012	31.12.2011
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital 15 aksjar à kr 10 000	7	150 000	150 000
Sum innskutt egenkapital		150 000	150 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		21 309 859	21 965 540
Sum opptjent egenkapital		21 309 859	21 965 540
SUM EGENKAPITAL		21 459 859	22 115 540
GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Avsetning for forpliktelser			
Forskotsinnbetalte bompengar	5	61 579 615	51 664 701
Sum avsetning for forpliktelser		61 579 615	51 664 701
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	8	1 500 000 000	1 000 000 000
Sum annen langsiktig gjeld		1 500 000 000	1 000 000 000
SUM LANGSIKTIG GJELD		1 561 579 615	1 051 664 701
KORTSIKTIG GJELD			
Skyldig offentlige avgifter		37 794	41 244
Annen kortsiktig gjeld	6	423 900	106 436
SUM KORTSIKTIG GJELD		461 694	147 680
SUM GJELD		1 562 041 309	1 051 812 381
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		1 583 501 168	1 073 927 920

Vallavik 22. mars 2013

Einar Lutro
styreleder
signMarghar Lussand
styremedlem
signElisabeth Eide Taraldsen
styremedlem
signSolfrid Borge
styremedlem
signHans Edvard Seim
styremedlem
signGunn Berit Lunde Aarvik
styremedlem
signAstrid Farestveit Seisvold
styremedlem
sign

Noter 2012

Rekneskapsprinsipp:

Årsrekneskapsprinsippet er sett opp i samsvar med lov og god rekneskapskikk. Dei unntaksreglane som gjeld for små føretak er nytta der ikkje anna er spesifisert i notane.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som fell til betaling innan eitt år etter siste dag i rekneskapsåret. Omløpsmidlar bli vurdert til lågaste verdi av kostpris og antatt verkeleg verdi (Lågaste verdi prinsipp).

Anleggsmidlar og langsiktig gjeld

Anleggsmidlar omfattar eigendelar bestemt til varig eige og bruk for verksemda. Anleggsmidlar er vurdert til kostpris. Varige driftsmidlar blir ført opp i balansen og avskrivne over den forventa økonomiske levetida. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som er av ikkje forbigående art. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Førehandsbompengar

Selskapet krev inn førehandsbompengar på ferjestrekningen Brimnes Bruravik. Desse inntektene er å sjå på som forskotsinnbetalinger som skal dekke framtidige kostnader og vert derfor bokførte som gjeld. Førehandsbompengane vli bli inntektsførde over innkrevingsperioden.

Prosjektkostnader/aktivert innkrevingsrett

Prosjekt og finanskostnader i byggjeperioden -som overstig mottekne offentlege tilskot - blir aktivert under posten aktivert innkrevingsrett. Prosjektkostnader blir utbetalt til Statens Vegvesen som er byggherre og brueigar. Hardangerbrua AS skal finansiera brubygginga.

Hardangerbrua AS har ei avtale med Staten Vegvesen om at selskapet kan krevja inn bompengar i ein periode på 15 år. Frå brua vert teken i bruk skal innkrevingsretten avskrivast over innkrevingsperioden på 15 år.

Skatt

Selskapet er friteken frå skattlegging fordi selskapets føremål ikkje er økonomisk vinning for aksjonæranne.

Noter 2012

Note 1 - Lønskostnad

Hardangerbrua AS har hatt ein person tilsett i 50 % stilling i heile året.

Spesifikasjon av lønskostnader	I år	I fjor
Løn	357 387	369 094
Arbeidsgjevaravgift	38 692	39 688
Pensjonskostnader	0	0
Anna personalkostnader	850	1 320
Totalt	396 929	410 102

Ytingar til leiande personar og revisor

Dagleg leiar	304.000
Løn dagleg leiar	254.000
Styregodtgjersle dagleg leiar	50.000
Godtgjersle andre styremedlem	46.500
Bedriftsforsamling	0
Revisjonshonorar:	15.000
Revisjon	0
Andre tenester	15.000
Samla honorar til revisor	

Selskapet er ikkje pliktig til å etablere obligatorisk tenestepensjon for sine tilsette.

Noter 2012

Note 2 - Aktivert innkrevingsrett, tildelte tilskot og finanskostnader

Hardangerbrua AS er tildelt statlege, fylkeskommunale og kommunale tilskot. Tilskota er ein del av finansieringsplanen for Hardangerbrua. Avtalen med Staten Vegvesen bestemmer at desse tilskota skal utbetalt før innkravde bompengar. Posten aktivert innkrevingsrett vil derfor først oppstå når utbetalingane til Statens Vegvesen overstig dei tildelte tilskota.

	2012	2011
Utbetaling til Statens Vegvesen	350 000 000	570 000 000
Aktivert netto finans	53 183 988	39 493 886
Overførte fra forrige år	1 561 269 425	951 775 539
Tildelte tilskot	-536 900 583	-536 903 963
Aktivert innkrevingsrett	1 427 552 830	1 024 365 462

Selskapet har aktivert netto renter som gjeld innskotsplasseringar/låneopptak som ein del av innkrevingsretten.

Forskjell i tid mellom låneopptak og utbetaling til Statens vegvesen har medført at selskapet i 2012 har hatt overskotslikviditet. Denne er plassert på renteberande bankkonto. Det er derfor naturleg å aktivere netto av desse rentepostane som finanskostnader i byggeperioden.

Oversikt renter 2012

Renteinntekter overskotslikviditet	2 264 487
Rentekostnader	-55 448 475
Netto finanskostnader som er aktivert	-53 183 988

Note 3 - Andre fordringer

Andre fordringer kr 15.000.000 er forskottering av midlar til Statens Vegvesen region Vest til bygging av rv 13 Buplataet. Forskotterte midlar vil bli refundert over Statens vegvesen sitt handlingsprogram for periode 2014-2017, utan kompensasjon for renter og prisauke.

Note 4 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Skattetrekkinnskudd utgjør pr 31.12. i år kr 30 845 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 20 870.

Noter 2012

Note 5 - Forskotsinnbetalte bompengar

Forskotsinnbetalte bompengar vert bokførde som avsetning til forplikting i byggjeperioden. Desse vert inntektsførd lineært over innkrevjingsperioden på 15 år frå 2013 då brua opnar.

Note 6 - Annen kortsiktig gjeld

Posten består av påløpne ubetalte renter på lån og skyldig løn.

Note 7 - Aksjekapital

Selskapets aksjekapital består av 15 aksjar pålydande kr 10 000. Alle aksjane har lik stemmerett på generalforsamlinga. Selskapet aksjonærer er:

Aksjonær	Antall	Andel
Hordaland Fylkeskommune	8	53,33 %
Bergen Kommune	1	6,67 %
Eidfjord Kommune	1	6,67 %
Ullensvang Herad	1	6,67 %
Ulvik Herad	1	6,67 %
Kvam Herad	1	6,67 %
Voss Kommune	1	6,67 %
Granvin Herad	1	6,67 %
Sum	15	100,00 %

Note 8 - Lån frå kreditinstitusjonar og finansielle instrument

Selskapet har inngått ein rentebyteavtale (renteswap) med DnB NOR som sikrar selskapet maksimalt 4,31% rente i låneperioden frå 21.03.2009 til 30.09.2024 og omfattar lån opp til kr 1368 mill.

Selskapet har lån i Kommunalbanken som forfell i sin heilhet i 2028, men selskapet har mulighet for å innbetale ekstraordinære avdrag etter ønske. Den nominelle etterskøtsvise renta er inntil vidare 2,850 % p.a. Lånets effektive rente er 2,870 % p.a.

Registrert revisor

FRANK O. OLSEN

MEMBER OF DEN NORSKE REVISORFORBUND

Postadresse: Pb. 41, 5782 Kinsarvik
-TELEFON 53 66 34 18
-TELEFAX 53 66 34 09

ORG.NR.: 962 626 238 MVA
Revisorregisternummer: 1013154
E-post: frank.o@revisor-olsen.no

Til generalforsamlinga i **HARDANGERBRUA AS**

REVISOR SI MELDING FOR 2012

Utsegn om årsrekneskapen

Eg har revidert årsrekneskapen for HARDANGERBRUA AS, som er sammsett av balanse per 31. desember 2012, resultatrekneskap som viser eit underskot på kr 655.681 og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvísande bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva mi er, på grunnlag av revisjonen min, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Eg har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonskikk i Norge, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå den tryggende sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhenta revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, søten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvísande bilete. Føremålet er å utførne revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sine interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeide av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Eg meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen min.

Konklusjon

Eg meiner at årsrekneskapen er avgjeve i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvísande bilete av den finansielle stillinga til HARDANGERBRUA AS per 31. desember 2012 og av resultat og kontantstrømsar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen min av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner eg at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om dekning av underskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen min av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar eg har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner eg at leiinga har oppfylt plikta si til å sørje for ordentleg og oversikleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Norge.

Kinsarvik, 21. Mai 2013.



Frank O. Olsen
Registrert revisor.